

## Sokssæymi – Saksum - Nygard (gnr. 111)

Frå år 1330 er fortalt at det da var ei grend i Fåberg av namn Sokssæymi. Men enda eldre enn grenda var truleg ein opphavsgard der med eit liknande namn. For dette talar og namnet på grannegarden Nygard like ved.

Av dei eldste minne om manns ferd her på Saksum – Nygard er og fleire fornfunn. Ved ei arkeologisk utgraving i 1935 ved dr. Sigurd Grieg vart det såleis gjort eit rikt og interessant funn truleg frå vikingetida. Elles er og på Saksum funne økseblad og ei saks frå yngre jernalder.

I skrivne kjelder finn ein i stiftsboka frå før 1578 fortalt at det da var ein gard her av namn "Saxensdall" av skyld ½ hud, og som svara si landskyld til Fåberg prestebolig.

I manntalet for Bygningsskatten 1594 er Nygard ført i gruppa for "Hallfue garde" side om side med Hoffland og Ullenn og svara da 1 ort i skatt. Ved utreidsla av tiendekorn i 1604 var tienda frå kvar av dei same tre gardane 1½ tønne. Etter manntal og skattelister å døme ser det helst ut til at namnet Saksum ikkje da lenger vart brukt i skrift, men sikkert levde det framleis i talemålet. I 1604 går det elles fram at det da var 2 gardar med namn Nygard, og at brukaren på den eine av gardane heitte Christofer. Ti år seinare var i 1614 landskylda at den garden Nygard som Christofer brukte, høgda til 1½ hud, og det er da opplyst at garden var krongods. Etter atter 10 år var i 1624 Christofer framleis bygslar og brukar av Nygard, men landskylda var da endra til 9 skinn 27 merker fisk. Det var altså kjent til topps at noko av det særmerkte ved garden var eit årvisst og godt fiske.

Eit snes år seinare var det i 1645 elles skjedd det skifte at oppsittarane på Nygard da heitte Oluf og Tomas, og at dei baa var gifte og betalde den da ulikna ekstraskatten Kopskatten 1645 for kona si og seg sjøl med 1 mark 16 skl. kvar. Dette var under dei lange krigane på 1600-talet, og i 1657 kom ein ny ekstraskatt: Kvegskatten 1657, så kalla fordi det da var krøtertalet på gardane som vart lagt til grunn ved utrekninga av skatten. I denne skattelista finn ein elles det interessante unntaket at brukaren Tomis er kalla Tomis Nygard, men brukaren Oluf er kalla Oluf Saxum. Vidare går det tydeleg fram at baa gardane deira var heller store, med di husdyrhaldet på Nygard da var: 1 hest 2 hopper, 5 naut, 11 geiter og 13 sauer, men husdyrhaldet på Saksum var: 1 hest 2 hopper, 13 naut, 12 geiter og 12 sauer. Frå 8 år seinare er Mannkjønnsmanntalet av 1665. Der er det vidare fortalt at den nya brukaren på Nygard heitte Knut Olufsen eller Knut Olsen, og at han da var 30 år. Ein merker seg og at brukaren Oluf på Nygard nordre eller Saksum med farsnamn heitte Oluf Torgiersen, og at han da var 63 år.

Etter denne sams innleidinga om dei to gardane Nygard nordre eller Saksum og Nygard søre eller Nygard går vi her over til å sjå litt nærare på soga til kvar av desse gardane. Vi held oss da til matrikkelen og fortel først om

### **Gnr. 111 Saksum eller Nygard nordre:**

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Saksum (Nygard nordre) fortalt at garden framleis var "Kongens", og at Oluf framleis var bygslar og brukar der. Landskylda var da endra til 1½ bismarpund fisk, men kunne og krevjast in i 1½ pnd. 4 merker smør. Buskapen av store husdyr er da oppgitt til 2 hestar og 8 naut, og korntienda vart innkrevd med 1 tønne, som altså svara til ei årleg kornavling på 10 tønner. Ein merker seg elles at Saksum alt da hadde seter og sommarbeite på "Olkien Setter".

I 1715 var det Erik Olsen som hadde tatt over og var bygslar og brukar av Saksum, men same året gav han d. 22. juni gavebrev til Poul Olufsen og kona hans mot at dei skulle forsørge han resten av levetida. Tjugetre år seinare var det i 1738 synfaring og takst på dei to gardane Nygard, og Nygard nordre (Saksum) vart da verdsett til 130 rd., og Nygard søre vart verdsett til 140 rd. Bygslar og brukar på Saksum var da framleis Erik Olsen, og bygslar og brukar på Nygard var i den tid Christen Larsen. Eigar av både desse gardane i den tid var elles bispinne Anne enka etter bisp Hans Munch.

År 1740 skjedde så det store omskifte at Erik Olsen fekk auksjonsskjøte på ”Nygard den Nordre”, Saksum, av skyld ½ hud 18 merker fisk for kjøpesum 170 rd. og var dermed altså både eigar og brukar av Saksum. Kjøparen Erik Olsen kjøpte elles straks grd. Saksum vidare over til soldat Ole Christensen for same sum, altså 170 rd.

Soldat Ole Christensen, som var frå Sæter, gifta seg i 1738 med Rønnov Eriksdtr. Saksum, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born, nemelg: a. Christen f. 1739, b. Mari f. 1745, c. Guri f. 1750. Om same Ole Christensen Saksum er elles å fortelja at da han i 1743 var i beit for kontanter, lånte han 200 rd. av Simen Lundgaard mot pant i ”sin gard Nordre Nygard, samt sit eiende løsøre”. Ole Christensen brukte så sjølv garden til i 1771, da han kjøpta ”gaarden Saxum eller Nygard Nordre” over til sonen Christen Olsen for sum 350 rd.

Christen Olsen f. 1739 gifta seg i 1770 med Marit Olsdtr. Hattestad, også f. i 1739, og dei fekk borna: Ole f. 1771, Peder f. 1778, Ole 1782. Dermed var altså både bestefedrene av namn Ole oppattkalla.

Faren Christen Olsen brukte elles sjølv garden til i 1798, da han gav kjøte til ”sin eldste søn og odelsberettig Ole Christensen paa Saxum eller Nygard nordre af skyld 6 skind 18 mrk. fisk for 499 rd.” Dertil kom så føderåd til foreldra Christen Olsen og Marit Olsdtr., som både enda var i live.

År 1801 kom eit påbod om folketelling, og det budde da 3 familiar på og/eller ved Saksum. Dei 3 familiane var:

1. familie:
  1. Ole Christensen, husbonden, 30 år
  2. Anne Olsdtr., kona hans, 37 år
  3. Christen, son deres, 4 år
  4. Anne, dotter deres, 2 år
  5. Ole Christensen, tenestkar, 19 år
  6. Guri Larsdtr., tenestkvinne, 20 år
  7. Ingeborg Torgersdtr., tenestkvinne, 20 år
2. familie:
  1. føderådsmann Christen Olsen, 62 år
  2. Marit Olsdtr., kona hans, 62 år.
3. familie:
  1. Ole Olsen, ”Inderste uden Jord og Skredder, 25 år
  2. Maria Engebretsdtr., kona hans, 25 år

Av same året, altså 1801, er og ei tinglese kontrakt, som her kan vera av interesse, og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Saksum.

Kontrakt dat. 1801, april 14. Tgl. 1808, juni 17.

Eftersom ieg Christen Olsen Saxum haver opregistreret og vurderet og solgt til min ældste søn Ole Christensen Saxum alt mit brugende løsøre undtagen det som staar optegnet i deres Føderådskontrakt og vores Efterladenskab skal deles i lige Deele imellom dem og det øvrige baade løst og fast tilhøre Ole Christensen Saxom imod Beviis på hver sin Deel og lid af Løsøre Penger som dem tilfalder og derpaa ere vi alle samdrektige saaledes foreenede om at vi aldrig noget mere fordrer i dette øvrige Løsøre og derpaa qvitterer og levert alt som er og var til Saxom den 14. april 1801.

Christen Olsen, Peder Christensen og Ole Christensen.

Til Vittelighed Bendt Hovland og Ole Olsen Saxom.”

Ole Christensen Saxum f. 1771 hadde i 1796 gifta seg med Anne Olsdtr., og dei fekk 4 born, som alle døde som spebarn. I 1815 døde og mora husfrua Anne Olsdtr. Husbonden Ole Christensen gifta seg i 1816 oppatt med Lisbet Andersdtr. Aasen frå Biri.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Saksum oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 22 naut, og at den årlege avlinga av korn da utgjorde kring 60 tønner. Eigar og brukar av Saksum i den tid var framleis Ole Christensen, som hadde Saksum til i 1822, da han gav skjøte til Johannes Fredriksen.

Johannes Fredriksen, f. 1802, som da tok over som eigar og brukar av Saksum, var frå Hov i Snertingdalen og gifta seg i 1825 med Eli Amundsdr. Olstad f. 1800. Dei hadde 2 born, nemleg Ole Fredrik f. 1826 og Lise f. 1828. Det var Lise som i 1847 vart gift med Hans Eriksen Skoug.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn, fisk og smør skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. ”Saxum (Saxeim)” fekk da som si nye matrikkelskyld: 8 skylddalar 2 ort 17 skilling og var da den garden i Saksumdalen som hadde størst matr.skyld. Eigar og brukar av garden var da framleis Johannes Fredriksen.

Faren Johannes Fredriksen brukte så sjølv garden til i 1854, da han skjøta Saksum over til sonen Ole Fredrik Saksum f. 1826. Kjøpesummen for garden var da 1000 spd og eit føderåd verdsett til 400 spd.

Kjøparen Ole Fredrik Saksum f. 1826 gifta seg i 1853 med Anne Amundsdr. Tøftum f. 1830, og dei fekk 8 born, nemleg:

a. Elise f. 1854, død 1875, b. Ida f. 1855, c. Johan f. 1857, d. Karoline f. 1859,

e. Andreas f. 1863, f. Thea f. 1864, g. Maria f. 1866, h. Anton f. 1871.

I samband med folke- og jordbrukstellingane I 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om Saksum oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 358 mål, og av dette var 92 mål jord av 1. klasse. Vidare er det oppgitt at husdyrhaldet på sjølve garden Saksum i den tid var: 4 hestar, 20 storfe og 22 småfe, og at den årlege utsæd på sjølve grd. Saksum da utgjorde 11 tønner korn og 6 tønner settepoteter. Dertil var det på husmannsplassane til Saksum tilsm. 7 storfe og 16 småfe og ein årleg utsæd av tilsm. ca. 2½ tønne korn og 4 tønner settepoteter.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre. Saksum fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 111, av samla skyld 13,02 mark, og eigar og brukar av garden var framleis Ole Johannessen Saksum f. 1826.

Ole Saksum var ved sida av å vera ein velkjend og akta mann i bygda heller ikkje så lite med i det kommunale liv. Han var såleis med i Fåberg heradsstyre i 1880 og medlem av den valde komiteen for kyrkjebygging i Saksumdalen i 1866. Han var sjølv brukar av Saksum til i 1906, da han skjøta garden over til sonen Anton Saksum f. 1871. Året etter var det i 1907 kommuneval, og det budde da 5 personar med røysterett på og/eller ved Saksum. Dei 5 personane var:

1. føderådsmannen Ole Johannessen Saksum, 81 år,
2. gardbruker Anton O. Saksum, 36 år
3. husmann Ole Djupdalen, Kulsveen
4. husmann Simen Paulsen, Vasrud
5. husmor Berte Johansdtr. Vasrud, kona til Simen Paulsen

Av handlar i seinare tid med Saksum eller parsellar av garden tek vi her elles med at i 1921 kjøpte så Torbjørn Engeland grn. 111 brn. 1 Saksum av onkelen sin Anton O. Saksum. Ein merkar seg at Torbjørn Engeland er son av Nils Engeland, Gausdal og av Ida O. Saksum f. 1855.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det da 3 bruksnummer under gardsnr. 111 Saksum med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 3 gardsbruk var:

- a. Grn. 111 brn. 1 Saksum med eit jordbruksareal på ca. 200 mål, som Torbjørn Engeland framleis var eigar og brukar av.
- b. Grn. 11 brn. 1 Vasrud, jordbruksareal ca. 15 mål, som Torbjørn Engeland var eigar av og Simen Vasrud brukar av.
- c. Grn. 111 brn. 2 Elvheim, jordbruksareal ca. 30 mål, som Asmund Vasrud var eigar og brukar av.